



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	08.11.2011	042/11

Endeleg vedtak i: Helse og omsorgsutvalet	Arkivsaknr.: 11/1684	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
--	-------------------------	-----------------------------------

Høring - NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg

Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommune sin uttale til Hagenutvalet si utgreiing og innstilling vert vedteken slik den ligg føre som vedlegg til saka

08.11.2011 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Det fremkom ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-042/11

Vedtak:

Vågsøy kommune sin uttale til Hagenutvalet si utgreiing og innstilling vert vedteken slik den ligg føre som vedlegg til saka.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

- Samhandlingsreforma
- Ny Lov om kommunale helse og omsorgsteneste

Bakgrunn for saka

Saka gjeld høringsuttale til Hagenutvalet si utgreiing og instilling om nye løysingar for å møte framtida sine omsorgsutfordringar.

Saksopplysningar / fakta

Hagenutvalet la den 16.juni fram si utgreiing og instilling NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg. Helse og omsorgsdepartementet har sendt denne ut på høyring med uttalefrist 15.11.2011.

Utvalet vart oppnemnd av regjeringa i 2009 og fekk i mandat å utgreie kva som er mogleg og nye løysingar for å møte framtida sine omsorgsutfordringar med vekt på:

- Ny teknologi
- Arkitektur og bustadform
- Brukarmedverknad og eigenmeistring
- Forsking og utvikling

Vedlagt fylgjer kap.2 med Perspektiv og samandrag av rapporten.

Rådmannen har gått gjennom høyringsdokumentet og tilrår at og framlegg til høyringsutale frå Vågsøy kommune vert godkjent slik den ligg føre..

Vedlegg:

Dok.nr
75913
75999

Tittel på vedlegg
11 Høyringsuttale til NOU 2011.doc
NOU - Innovasjon i omsorg.pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	22.07.2011	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement	Høring - NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg
4	I	03.11.2011	Stryn kommune	Høyringsuttale til NOU 2011: 11 Innovasjon i omsorg
2	I	03.11.2011	Stryn kommune	Høyringsuttale - Innovasjon i omsorg

Høyringsuttale til NOU 2011:11: Innovasjon i omsorg (Hagenutvalet)

Hagenutvalet la 16.juni fram sin rapport og innstilling NOU 211:11: Innovasjon i omsorg. Helse-og omsorgsdepartementet har sendt utgreinga ut på høyring med uttalefrist 15.11.2011.

Utgangspunktet for utvalet sitt arbeid er , slik det går fram av mandatet :

“Samfunnet står overfor krevende omsorgsutfordringer de neste tiårene knyttet til et økende antall eldre, nye brukergrupper og knapphet på helse- og sosialpersonell og frivillige omsorgsytere ”.

På denne bakgrunn har mandatet fokus på å finne nye løysingar for å møte framtida sine omsorgsutfordringar med vekt på:

- Ny teknologi
- Arkitektur og buformer
- Brukarmedverknad og eigenmeistring
- Forskning og utvikling

Den sterke veksten i tal eldre, nye pensjonistgenerasjonar sine krav til servicenivå og mangel på tilgang på hjelpepersonell , gjer at det er heilt naudsynt å tenke nytt og organisere tilboda på ein annan måte dersom det ikkje skal bli krisetilstander.

Utvalet har lagt til grunn at politikken for å bygge ned funksjonshemmande barrierer i samfunnet må bli forsterka og rår til at det vert utforma ein ny og aktiv seniorpolitikk på alle samfunnsområde, og ein moderne pårørandepolitikk bygd på likestilling mellom menn og kvinner og på partnerskap mellom brukarar, nærstående og kommunal omsorgsteneste.

Utvalet fokuserar på nye innfallsvinklar: i staden for at vi ser på og behandlar brukarar av omsorgstenester som pasientar, vert dei presentert som menneske med ressursar, som ynskjer å vere uavhengige og sjølvhjelpete. Om eit tiår eller to, må vi ha lært oss å tenke annleis om dei eldste blant oss: frå pasient til person – frå medisin til menneske, frå mottaker til deltakar.

På dette grunnlaget kjem utvalet med fem framlegg:

1. **”Næromsorg”- den andre samhandlingsreforma, som set samspelet med familien, det sosiale nettverket og lokalsamfunnet i sentrum for merksemda.**

Kommentar:

Framlegg om nye tiltak, arbeidsmetodar, organisering, avtaler m.m. mellom offentlege tenester og det sivile samfunn (familie og nærmiljø) for å dekkje alle aspekt for meningsfylt liv, er heilt naudsynte for å kunne takle oppgåvene i framtid.

Det er utenkjeleg at det offentlege skal kunne stette alle behov med betalte tenester.

Særleg på område som kulturell og fysisk aktivitet, sosial kontakt og stimulering vil pårørande og nettverk ha viktige oppgåver.

Mange pårørande gjer ein stor innsats i tillegg til den omfattande offentlege tenesteytinga vi har overfor hjelpetrengande. Dersom pårørande skal ta på seg vesentleg meir omsorgsoppgåver, vil det vil krevje store endring i den einskilte sin

tankegang og motivasjon . I tillegg vert det trong for ei heilt anna tilrettelegging i arbeidslivet og omdisponering av offentlege budsjett dersom familieomsorgen skal få økonomisk kompensasjon som monner , slik utvalet rår til.

2. Nye rom- framtida sine bustadløysingar og nærmiljø,- om å gjere bustader og omgjevnader gode å bli gamle i.

Framlegget har fokus på å bygge om/tilpasse eksisterande bustadmasse, av-institusjonalisere og bustadgjere eldreomsorga etter modell av reformen for utviklingshemma. Dei ser føre seg at det berre vert korttids plassar i institusjon, at det skal vere klårt skilje mellom bustad og tenestetilbod , mellom privat og offentlig areal og at omsorgstenesta sine bustader inngår som ein integrert del av nærmiljøet i tettstader og bydelar.

Kommentar:

Det er både rett og riktig å stimulere til bygging og utbetring av eksisterande bustader for at dei skal vere tilpassa også eldre år med forventa hjelpebehov. Klåre og tydelege føringar og signal om den einskilde sitt ansvar for å sikre seg teneleg bustad for alderdomen , er det trong for. Samstundes tilseier geografi / lange avstander og krav til rasjonell , offentlig tenesteyting , at det i tillegg vert trong for vesentleg nybygging også.

Bufellesskap definert som omsorgsbustader er teneleg organisering, men det vert stilt stort spørsmålsteikn ved om det er rett å byggje så areal- og kostnadskrevjande at kvar bueining skal dekkje alle naudsynte bufunksjonar som kjøkkenkrok , soveplass og opphaldsareal for både bebuar og pårørande innafor privataarealet. Det bør vere eit spekter av buformer og storleiker, ikkje same krav for alle bueiningar, jfr. driftskostnader og kva funksjonar dei mest hjelpetrengande har trong for.

Dersom betalingsformen vert samordna for langtids plass i institusjon og leige av omsorgsbustad / tenester , er det trong for eit system med inntektsgradering slik at prinsippet om å få etter trong og yte etter evne vert vidareført.

Det er det prinsippet heile velferdssystemet vårt bygger på .

3. Teknoplan 2015 – teknologstøtte til omsorg, – omsorgstjenestene har eit stort unytta potensial for å ta i bruk tilgjengeleg teknologi og for å utvikle ny.

Utvalet rår til ein tre-trinnsplan for utbreiing og praktisk bruk av velferdsteknologi til støtte på omsorgsfeltet.

Trinn 1: Vidareutvikle tryggleiksalarmar til tryggleikspakke og smarthusløysingar

Trinn 2: Ta i bruk kommunikasjonsteknologi og sosiale medier for å oppretthalde sosial kontakt og deltaking.

Trinn 3: Ta i bruk teknologi som stimulerar, underhalder, aktiviserar og strukturerar kvardagen

Det vert tilrådd som krav for investeringsstønad frå Husbanken, at omsorgsbustader og sjukeheimar skal vere tilrettelagt for tilkopling av alarmar, sensorar og smarthusteknologi. I tillegg at bruk av sporings- og varslingshjelpemiddel som GPS, vert regulert direkte i helse-og sosiallovgevinga.

Kommentar:

Utvikling av velferdsteknologi vil i framtida kunne gje vinstar som vi i tak knapt makter å forestille oss i dag, både i form av avlastning for oppgåver for det offentlege

og for pårørende, og som tilretteleggar for fridom, tryggleik og livskvalitet for den einskilde brukar. Føresetnaden er utvikling og bruk av produkt som samsvar med akseptable etiske retningslinjer og som supplement til , ikkje erstatning for menneskeleg kontakt. Likevel må det vere fullt akseptabelt at teknologi og robotar m.m. av ressursmessige omsyn erstattar menneskeleg hjelp.

Som sturingsverktøy, er det er fornuftig å stille krav om tilrettelegging for velfredsteknologi for å få investeringstilskot frå Husbanken.

Det er viktig at kommunar og utbyggjar har tilgang på god erfaringsdokumentasjon om kva som er teneleg utstyr og tilgjengeleg teknologi slik at det ikkje vert gjort for mange feilinvesteringar i utstyr som ikkje held mål.

Når det gjeld sporingsteknologi for demente og andre med alvorleg kognitiv svikt, er tida overmoden for å formalisere bruken av slik teknolog både for heimebuande og for personar som bur i kommunale institusjonar / buformer . Dette gjeld i stor grad personar utan eller med varierende grad av samtykkekompetanse

Det er dessverre alt for mange døme på forsvinningar og leiteaksjonar etter demente som har rota seg bort. I dei fleste tilfelle vert personen funnen i live, men slett ikkje alltid. Aksjonane er belastande for pårørende, hjelpeapparat , politi og anna leitemannskap, samstundes som det slett ikkje er verdig for den det gjeld , jfr. all merksemda som fylgjer med.

Vi kjenner til tilfelle så seint som sommaren 2011 der ein dement på sjukeheim vart funnen omkomen etter nærare 4 veker med storstilt leiting. Samfunnsmessig representerar leiteaksjonane ressursmessig sløsing når det finst hjelpemiddel som kan hindre denne type aksjonar.

Bruk av sporingsteknolog for demente vil nettopp representere ivaretaking av personleg fridom og livsutfalding og ikkje det motsette slik Datatilsynet tidlegare har hevda.

Heimel for bruk av sporingsteknolog bør vere heimla i den kommunale helse-og omsorgslova , men det er viktig at ikkje krav til dokumentasjon og form vert så strikse og byråkratiske at barrierene for å nytte tiltaket vert urimeleg store. Jfr. det kompliserte regelverket knytt til helsehjelp og tvang.

Det hastar å få regelverket på plass.

4 Eit nasjonalt program for kommunal innovasjon i omsorg.

Utvalet rår til eit nasjonalt program for innovasjon og nyskaping i omsorgsfeltet med ein infrastruktur for forskning, utvikling og innovasjon. Det er tilrådd at 1 % av omsorgssektoren sitt budsjett gjennom eiga finansieringsordning skal gå til forskning, utvikling og innovasjon. I tillegg etablering av ein eigen kommunal innovasjonsskule for kommunale leiarar.

Kommentar:

Skal det bli fart på systematisk og utviklande nyskaping, er det trong for nasjonal satsing og konkrete virkemiddel slik utvalet rår til i tett samspel mellom tenesteytarar,

industri og forskningsmiljø.

5 Omsorgsfeltet som næring. Tankar om potensialet for ein norskbasert næring for leveranser til omsorgsfeltet.

Det er vurdert å vere stort potensiale for å utvikle norskbasert levering til omsorgsfeltet, særskilt når det gjeld etterspørsel etter hensiktsmessige bustadløyningar, aktivitetsinnhald og velferdsteknologi på senior- og individmarknaden .

Utvalet rår til å opprette ei eksportstifting for omsorgsfeltet og styrking av omsorgsfeltet sin bestillarkompetanse for å fremme innovasjon på leverandørsida. "Inn-på tunet" ordninga bør bli utvida til andre næringar og arbeidsplassar enn jordbruket,- dvs. dagtilbod for aktivitet, læring og meistring.

Kommentar:

For å bidra aktivt til utvikling av produkt og tenester , vil opplæring av kommunal bestillarfunksjon vere tenleg , det gjeld særleg definering av funksjonskrav.

Kan nasjonale stimuleringstiltak bidra til utvikling av produkt og løysingar som både er til nytte for dei utfordringar landet står framom innafor omsorgssektoren , samstundes som det kan styrke norsk eksportindustri , så er det eit gode som vil tene fleire føremål.

Utviding av dagaktivitetstilbod til fleire typer verksemdar enn landbruksnæringa, kan vere eit godt og interessant tiltak, men som på alle andre område vert bruke og utbreiing eit kostnadsspørsmål.

NOU 2011: 11 har framlegg om mange konkrete og spanande tiltak for at samfunnet skal klare å takle dei store omsorgsutfordringane i framtid, men det føreset store omstillingar både hos pleietrengande, pårørande, nettverk, lokalsamfunn, arbeidsliv og offentlege mynde.